



# DEN NORSKE KYRKJA

## Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranaes gate 3

6993 HØYANGER

Tlf: 57714100

Kyrkjekontoret 02.04.2022

## Møteprotokoll Høyanger kyrkjelege fellesråd

**Møtedato:** 28.04.2022

**Møtetid:** Kl. 10.00

**Møtestad:** Høyanger kyrkjekontor

### Til stades:

Marit Tonning, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Sissel Sørebø, Andreas Ester.

**Fråverande:** May-Wenche Fossmark, Kenneth Førde, Frode Merkesvik

### Kopi av møteprotokollen går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Toril Bjørkum, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, Karl Hjelmeland, postmottak Høyanger kommune

### Sakliste

#### Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokoll

Innkalling og møteprotokoll vart godkjent utan merknader. Til saklista kom det merknad om feil saksnummer, som vart retta. Det vart meldt inn 4 ekstra meldingssaker: Soknepreststilling i Lavik og Bjordal&Ortnevik, Vassforsyning til Ikjefjord gravplass, Tilbakeføring av forsikringspremie for kyrkjene, og kyrkjetenarstilling i Bjordal.

### Meldingssaker

#### 14 Soknepresten har ordet.

Soknepresten orienterte om arbeidet med 1. mai-gudstenesta i Høyanger kyrkje.

#### 15 Rekneskapsrapport 2022

Rekneskapsrapporten vart gjennomgått.

#### 16 Kyrkjelydspedagogstillinga

Stillinga er lyst ut med søknadsfrist 01. mai 2022. Så langt er det ingen som har tatt kontakt angående stillinga.

#### 17 Lavik kyrkje

Målarfirmaet Gunnarsson hadde det lågaste pristilbodet på kr. 538 400 eks. mva. Vi må søkje Høyanger kommune om ei tilleggsløyving på ca. 40 000.

#### 18 Oppmåling av gravplassane

Arbeidet med oppmåling og digitalisering av gravplassane i Høyanger vart utført før påske. Sokna vil gjerne ha tilsendt dei digitaliserte karta.

- 19 Soknepreststillinga i Lavik og Bjordal & Ortnevik**  
Sokneprest Karl Hjelmeland skal pensjonere seg i sommar, og bispedømmet har no lyst stillinga hans ledig.
- 20 Vassforsyning til Ikjefjord gravplass**  
Det er no laga permanent vasstilførsel fram til Ikjefjord gravplass, etter ønskje frå bebarane i området.
- 21 Tilbakeføring av forsikringspremie for kyrkjene**  
På grunn av lite forsikringsskader dei siste åra, tilbakefører KNIF forsikringspremie til fellesåda. For Høyanger utgjer det kr. 24 472,-
- 22 Kyrkjetenarstillinga i Bjordal**  
Kyrkjetenaren i Bjordal har bede om avløsing, og det har vore arbeidd med å finne nokon som kan tenkje seg å ta over stillinga, som er på 12 %. Dette har ikkje ført fram, og stillinga skal no lysast ut.

## Vedtakssaker

### 009/22 Utlysing av kyrkjeverjestillinga

Kyrkjeverja går av med pensjon 31.12.2022, og stillinga skal lysast ut med søknadsfrist 01.06.2022.

#### Vedtak:

Kyrkjeverjestillinga vert utlyst med føreliggjande annonsetekst. Kyrkjekontoret tek imot søknadane, og tilrettelegg for vidare handtering av dei. Intervju-utvalet vert leiar/nestleiar i HKF, ein tilsett/tillitsvald-representant og prosten. Innstillinga frå intervju-utvalet vert handsama i administrasjonsutvalet, og fyljer ordinære tilsettingsprosedyrer. Fellesrådet gjer endeleg vedtak om tilsetjinga. Samrøystes.

### 010/22 Samarbeidsavtale om HMS

Høyanger kyrkelege fellesråd har frå Bjørgvin bispedømme fått tilsendt ein samarbeidsavtale om HMS i nynorsk versjon, til underskrift.

#### Vedtak:

Avtalen kan underskrivast slik den føreligg. Samrøystes.

### 011/22 Vedlikehald gravplassar

Arbeidet med slått og vedlikehald på gravplassane i Høyanger for ein ny tre-års periode har vore lyst ut i Ytre Sogn og Firda. Det kom inn to anbod, frå Anleggsgartner Baarøy AS og frå Midtbøen AS.

#### Vedtak:

Kontrakt for arbeid med vedlikehald og slått på gravplassane i Høyanger kommune for perioden 2022-2024 vert etter anbodsrunde tildelt firmaet Anleggsgartner Baarøy AS. Samrøystes.

# Vil du bli kyrkjeverje i Høyanger?

Vi har ledig ei fast 100 % stilling som kyrkjeverje sidan vår daglege leiar gjennom om lag 20 år vert pensjonist frå komande årsskifte.

**Høyanger kommune** med ca 4.000 innbyggjarar har eit variert næringsliv med kraftproduksjon, aluminiumsindustri, oppdrett, handel og service, entreprenørskap og jordbruk som dei viktigaste næringane.

Kommunen ligg i Vestland fylke nord for Bergen, på begge sider av Sognefjorden. Reisetida frå Bergen er ca. 3 timer med bil eller båt.

Næraste flyplass er Førde lufthavn, ca. 45 minutt med bil frå Høyanger.

Kommunesenteret Høyanger har i underkant av 2 000 innbyggjarar.

Her er barne-, ungdoms- og vidaregåande skule, og det er god barnehagedekning.

Her er også kyrkjekontoret der prest, kantor, sekretær, kyrkjelydspedagog og kyrkjeverje har sin arbeidsfellesskap.

I tillegg er det i sokna tilsett kyrketenarar og klokkarar i ulike stillingsstørleikar.

Totalt utgjer dei tilsette i fellesrådet **5,5 årsverk** pr. i dag. Desse gjer teneste i 4 sokn, 5 kyrkjer og 1 bedehus der kyrkjelydane samlast, og på 8 gravplassar som er i bruk.

Kyrkja skal vere ein møteplass for alle, der menneske kjenner at dei høyrer til og vert utfordra til tru og teneste. Kyrkja skal vere ein viktig ressurs for å skape gode lokalsamfunn, prega av nærliek, omsorg, identitet og kultur.

Arbeidsgjevar er Høyanger kyrkjelege fellesråd.

## Søknadsfrist: 01.06.2022

### Arbeidsoppgåver

- Dagleg leiar for fellesrådet si verksemd
- Personalansvar for dei tilsette i fellesrådet
- Ansvar for HMT-arbeid
- Ansvar for økonomi og langtidsplanlegging
- Ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegardar/gravplassar
- Ansvar for gravplassforvaltninga i kommunen
- Sekretær og sakshandsamar for fellesråd og utval
- Ha god kontakt med offentlege myndigheter og andre samarbeidspartnarar

### Kvalifikasjonar

- Erfaring som leiar med personalansvar vert lagt stor vekt på
- Erfaring innan organisasjonsutvikling
- God innsikt, interesse og engasjement for kyrkjeleg verksemd, og kjennskap til Den norske kyrkja som organisasjon.
- Krav om medlemskap i Den norske kyrkja.
- God økonomi- og IKT-kunnskap

- Universitets-/høgskuleutdanning, gjerne innan økonomi og leiing, Søkjurar utan høgskuleutdanning med relevant praksis vert også vurderte.
- Evne til å kunna arbeida målretta og systematisk
- God skriftleg og munnleg framstillingsevne
- God kjennskap til offentleg forvaltning
- Oppteken av nyskaping, utviklingsarbeid, og god inkludering av friviljuge.

### **Personlege eigenskapar**

- Ha gode evner til kommunikasjon og samarbeid
- Lagbyggjar som skaper relasjoner - internt og eksternt
- Likar å arbeide målretta og systematisk
- Vere fleksibel og kunna møta utfordringar

### **Vi tilbyr**

- Ei interessant og utfordrande stilling
- Kollegafellesskap med andre kyrkjeverjer i prostiet og i bispedømet
- Løn etter avtale
- Tilsetjing og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og avtalar innan KA sitt tariffområde
- Pensjonsordning i KLP
- Arbeidsrettleining og ulike kurs for kyrkjeverjer

### **Søknad med rettkjend kopi av attestar og vitnemål sendast innan 01.06.2022 til:**

Høyanger kyrkjelege fellesråd,  
Postboks 159, 6991 Høyanger  
[post.hoyanger@kyrkja.no](mailto:post.hoyanger@kyrkja.no)

### **Kontaktinformasjon:**

Leiar i fellesrådet: Sturla Bell Fossen                      mobil 994 94 745

Sokneprest: Andreas Ester                                      mobil 452 21 737

Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein                              mobil 91763803